

Notat

Til: Matti Torgersen

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/557-4

Dato
17.01.2014

Uttale til Regional folkehelseplan frå Fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet (FYEL) er sterkt opptekne av folkehelsa. FYEL er samd i at folkehelsearbeidet må vare heile livet, men FYEL er naturleg nok mest oppteken av folkehelsearbeidet retta mot den eldre delen av folket i Hordaland.

FYEL er serleg nøgd med at universell utforming går som ein raud tråd gjennom planen. Universell utforming er avgjerande for at dei fleste eldre kan bu heime så lenge som mogeleg.

Folkehelseplanen omhandlar område som er særskilt naudsynt blant den eldre delen av folket. FYEL vil sette fokus på Tema 5: «Aktivitet og sosial deltaking.»

Ut frå prognosar som føreligg vil talet eldre auka kraftig i mange år framover. Kommunane vil stå framfor store utfordringar innan folkehelsearbeide blant den eldre delen av folket. Sjølv om folkehelseplanen er retta mot alle aldersgrupper meiner FYEL ein i planen bør synleggjera det behov som kan forventas for særskilt tilrettelegging for ein del eldre med svekka helse noko som i større omfang vil oppstå blant dei eldre. Dette bør ein i planen ta omsyn til slik at flest mogleg eldre kan få delta i aktivitetar og sosiale lag i lokalsamfunnet.

FYEL er samd i at frivillige lag og organisasjonar er naudsynte samarbeidspartar for kommunane. Mange eldre deltar aktivt og er ein stor og viktig ressurs innan folkehelsearbeidet.

Tannhelse er viktig, og serleg for eldre. FYEL er av den meining at utgifter ved tannbehandling skal prioritertast inn i folketrygda på lik linje med andre helseplager og sjukdommar.

Også «Partnarskap for folkehelse» er ein viktig del av planen og ikkje minst «Handlingsplanen 2014-2017». FYEL er av den meining at Fylkeskommunen må samarbeide tett med kommunane, også økonomisk.

FYEL er av den meining at både «Regional plan for folkehelse 2014-2025» og «Plan for handlingsprogram 2014-2017» er gode og gir von om at folkehelsa i Hordaland går gode tider i møte.

Med helsing

Margot Bertheussen
Leiar
Fylkeseldrerådet